

Referat frå årsmøtet i Jøsneset bygdaråd

Møtet var i Trivselstova torsdag 20.02.19

Møtestart 19.00

Antall frammøtte: 20

1. Val av møteleiar

Unni T Fossaa samrøystes vald

2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes godkjend

3. Årsmelding og rekneskap for Bygdarådet 2018, og budsjettforslag for 2019

Samrøystes vedtatt

4. Årsmelding og rekneskap for Jøsneset bedehus 2018, og budsjettforslag for 2019

Samrøystes vedtatt

5. Val av styremedlemmer

Valnemnda sitt forslag samrøystes vedtatt

Då blir styret for 2009 slik:

Unni Fossaa - leiar og styremedlem for 1 år

Hanne Tjeltveit - styremedlem for 2 år

Svanhild Hjorteland – styremedlem for 2 år

Brahim Gbada –styremedlem for 2 år

Ingeborg Westersjø – kasserar – 1 år att

Varamedlemmer – Sondre Fosså og Øyvind Oaland – for 1 år

Valnemd – Rasin Tjeltveit, Marit Wyller og Odd Fosså (1 år att)

Revisor – Oddvar Skiftun – 1 år att

6. Ny organisering av bedehusstyret. Eventuelt val av 2 medlemmer til styret.

Valnemnda hadde innstilt Berit S Hjorteland og Ellen Mari Fosså. Begge blei samrøystes innvalde for 2 år.

7. Grendahusfunksjon – godkjenning av avtaleforslag med kommunen

Unni T Fossaa orienterte først litt frå arbeidet med avtalen. Så gjekk ein gjennom avtaleforslaget punkt for punkt.

Det kom fram ein del synspunkt som Bygdarådet bør forhandle om/avklare vidare med kommunen før ein skriv under avtalen.

Desse er opplista under kvart punkt under:

Punkt 4 i avtaleforslaget:

- Forsikring av bygg og innbo
- kva ligg det i uttrykket «og liknande»?
- Blir maling av bygga kommunen eller bygda sitt ansvar?
- ordet «kan» i linje 5 må skiftast ut med eit meir konkret ord som «vil» eller «skal»
- Foreslå at Husleigeloven, som seier at eigar av bygg har ansvar for det utvendige, og leigar for det innvendige, bør brukast.
- Kommunen må ta kostnader med akutte større skadar både på bygg og uteanlegg.
- Vi foreslo å slette siste setning i 2. avsnitt under pkt 4? – «*Det kan soleis ikkje påreknast kommunal medverknad....*»

Uteområdet:

- Må avklare ansvarsforholda når det gjeld uteområdet
- Kommunen bør ta brøytearbeidet
- Leikeplassen bør kommunen utbetre før overtaking.

Punkt 5 i avtaleforslaget:

- Bygdarådet bør ta kontakt med Lyse før neste forhandlingsmøte for å avklare reelt straumforbruk dei siste 3 åra.
- Ansvar for å bytte lyspærer i flomlysa
- Avtalen bør bli slik at vi får dekke minst alle utgiftene til straum og kommunale utgifter.

Punkt 6:

- Vi ville legge inn ei linje her om at «Bygg og Anlegg er ansvarleg for å kalle inn til evalueringsmøte»?

Uklare punkt i vedlegget:

- Sikringsskap må skiftast og dimensjonerast større så snart som mulig.
- Taket i kjøkken/lærrum må utbetrast snarast.
- Vindauge i lærrum blei øydelagt av dei som bygde taket. Dette må skiftast snarast.
- Kva har vi fått maling til?
- Viss det er bevilga meir pengar til maling enn det er bruk for, kan kanskje desse brukast på utbetringa av taket?
- Kva med dei andre punkta som blei tatt opp på synfaring med kommunen (15.feb?) som ikkje er tatt med på lista?

Eit viktig spørsmål som og må takast opp: Kva skjer viss kommunen bestemmer seg for å selje eller å rive skulebygningane? Bygda har lagt ned mykje arbeid der, og i tillegg lagt mykje pengar i byggjing av scenen og trivselstova.

Årsmøtet ga Bygdarådet fullmakt til å framforhandle endeleg avtale. Avtalen blir sendt interesserte sambygdingar på e-post.

8. Smashing Jøsneset 2019 – orienteringsak

Odd Fosså orienterte frå komiteen sitt arbeid:

Smashingen er planlagt til 4.08.19.

Det blir 18-årsgrense dette året, både for konserten og dansen.

Buserulls spelar konsert, medan Fyk spelar opp til dans.

Det blir dette året og ein Smashing Junior den 25. mai. Jøsneset ungdomslag står som arrangør, men håpar på samarbeid med Bygdarådet. Dei ber og om at ein del personar stiller på dugnad til dette.

9. Eventuelt

-Silje Sværen orienterte om dei nyleg innkjøpte trimapparata som er plassert i gym.bygget og mulig bruk av dei

-Oddvar Skiftun opplyste om mulighetene for å søkje Sparebankstiftelsen om pengemidler til desse.

Christian Fredrik Wyller tilbød å gi ei brukt tredemølle vederlagsfritt til bruk på skulen.

-Silje Sværen lurte på om det burde veljast eit driftstyre som står for drifta når ein får ferdig bruksavtalen for bygningane. Dette for å avlaste Bygdarådet.

Ein blei samde om å vente til avtalen er ferdigforhandla (eventuelt på neste årsmøte) før ein eventuelt tek dette opp til diskusjon.

Rasin Tjeltveit
sekr